



KOMMUNEREFORMA

Kva skjer med lokaldemokratiet når kommunar vert slått saman? Får kommunane meir makt til å ta avgjerder? Vil innbyggjarane sine syn framleis verte høyrte?

Kommunalminister Jan Tore Sanner meiner at kommunereforma vil styrke lokaldemokratiet. Professor Harald Baldersheim meiner demokratiet vert svekka.

KS-direktør Helge Eide meiner effekten på demokratiet er meir avhengig av kva politikarane gjer, enn av storleiken på kommunane. Her kan du lese argumenta deira.

– Den største politiske måten i norsk historie

Professor Harald Baldersheim meiner at samanslåing av kommunar vil svekke lokaldemokratiet.

Laila Borge

Harald Baldersheim er professor i statsvitenskap og har forska på lokaldemokrati og kommunalt sjølvstyre. Han er kritisk til kommunereforma, ikkje minst fordi det vert færre lokalpolitikkarar når talet på kommunar går ned.

– Etter kommunereforma kan talet på kommunestyrerepresentantar gå dramatisk ned. I dag har vi totalt 11.000. Om vi får 150 kommunar kan talet gå ned til 4000. Dette vil vere den største politiske massakren i norsk historie, seier Baldersheim.

Han meiner at dette er alvorleg både fordi det vil bli større

avstand mellom folket og dei folkevalde, og fordi rekrutteringa til politikken vil gå ned.

Fleire broilerar

– Dei fleste parti har lokalparti i kvar kommune. Med færre kommunar vil det bli færre lokalparti. Det vil bli ein dramatisk reduksjon i grasrotforankringa. Truleg vil det verte færre «vanlege» folk i politikken. Fredrikstad er eit eksempel på dette. Då kommunane der vart slått saman, var det nesten berre tidlegare formannskapsrepresentantar i det nye kommunestyret. Det var altså den politiske eliten som vart med vidare, forklarar han.

– I ein del kommunar slit nominasjonskomiteane med å få folk til å stille på vallistene. Kan det ikkje vere ein fordel at det er dei mest engasjerte som får politiske posisjonar?

– Det er berre positivt at nominasjonskomiteane må arbeide for å få folk på listene. Det bør vere folk som vert pressa inn i politikken, seier Baldersheim, og viser til at det er på denne måten vi får ein brei representasjon av innbyggjarane i kommunestyret.

Han legg til at det i Noreg har vore tradisjon for at lokalpolitikkarar vert henta inn i rikspolitikken. Med smalare rekruttering lokalt, ser han for seg at vi vil få fleire politiske broilerar og mindre variasjon mellom stortingspolitikarane.

Meir innflytelse i småkommunar

Når kommunane vert større, er det meir sannsynleg at småbygdene vert utan representantar i kommunestyret. I Noreg og andre land finst det ulike eksempel på måtar å sikre at også små-

stadene skal verte høyrte. Grendeutval, ombod, borgarmeister eller bydelsutval kan ha i oppgåve å fremje småstadene sine interesser. Men ingen av desse løysingane har same tyngd som kommunestyret, påpeiker Baldersheim.

– Og ein har ingen garantiar for at slike ordningar blir opprettheldt, seier han, og påpeiker at bydelsutvala berre har overlevd i Oslo og Gøteborg.

– Innbyggjarane opplever at dei får lettare påverknad i småkommunar. Det har vi klare indikasjonar på i forskinga, seier han.

Etterlyser bevis

Harald Baldersheim etterlyser bevis for at store kommunar er betre for tenestetilbodet til innbyggjarane. Han meiner at det er små gevinstar på å auke innbygg-

gjartalet til over 5-6000 innbyggjarar. Han meiner at kommunane heller bør samarbeide om tenester eller kjøpe tenester av kvarandre. Regjeringa vil derimot redusere det interkommunale samarbeidet, som dei meiner svekkjer lokaldemokratiet.

– Eg meiner at utfordringa med interkommunalt samarbeid har blitt overdimensjonert i debatten. Eg har undersøkt nokre kommunar med slike samarbeid, og samarbeidstenestene dreier seg gjerne berre om fem-seks prosent av kommunebudsjettet. Det dreier seg om marginale tenester som ambulanse og brannvern, seier Baldersheim, som meiner at det ikkje er eit demokratisk problem at kvar einskild kommune ikkje styrer slike tenester aleine.

– Det krev politisk vilje

Innbyggjarane kan oppleve både større og mindre avstand til kommunen etter ei samanslåing, meiner KS-direktør Helge Eide.

Johnny Syversen

Eide er områdedirektør for interessepolitikk i KS (Kommunesektorens organisasjon). Han er einig med Jan Tore Sanner i

at lokaldemokratiet kan styrkast dersom kommunane får ansvar for fleire oppgåver.

– Dersom dei får sterkare fagmiljø etter reforma, kan det gje grunnlag for å flytte ansvaret nærare innbyggjarane. Men det er ingen automatikk i at det skjer. Kommunane i Danmark opplever ikkje auka tillit og mindre detaljstyring frå staten etter kommunereforma. Dette må styrast frå statleg side for at det skal verte ein realitet, seier han.

Med sterkare fagmiljø trur han at innbyggjarane kan oppleve kortare avstand til administrasjonen, som er den delen av kommunen mange møter. Samtidig ser han som Harald Baldersheim at reforma kan gje større avstand til representantane i styrande organ.

– Det vil typisk verte færre folkevalde i høve til talet på innbyggjarar i kommunen. Det finst måtar å sørgje for god innbyggjarinvolvering, uavhengig

av om kommunen er stor eller liten. Slike ordningar er meir realistiske når kommunen vert så stor at innbyggjarane ikkje lenger kjenner representantar i kommunestyret. Men også dette må trekkjast i gang politisk, frå eit lokalt nivå, seier han.

Eide er einig med Baldersheim i at interkommunale samarbeid kan vere ein fornuftig måte å løyse oppgåver på for små kommunar.

– Eg meiner at det er eit dår-

leg argument at dette svekkjer lokaldemokratiet. Eg trur folk er meir opptekne av kvaliteten enn av at dei direkte folkevalde er ansvarlege for dei aktuelle felta, som gjerne er IKT, løn, renovasjon og vatn, seier han.

Både og. Ei kommunesamanslåing kan føre til både større og mindre avstand til kommunen, meiner KS-direktør Helge Eide.

Foto: Johnny Syversen